



Naturvernforbundet
i Ørsta og Volda



Volda, 19.3.2025

NVE

nve@nve

Revisjon av konsesjonsvilkår – regulering av Mørevassdraget **Saknr. 201401566**

Som svar på Tussa Energi sitt revisjonsdokument frå mars 2020, vil vi følgje opp kravet vårt frå 2014 med nyttig historikk, viktige overordna føringar og framlegg til tiltak. Vi held fast på kravet om ei minstevassføring i Kolfosselva, og vi vil og endre korleis vatnet vert sleppt ut av kraftverket. Enkelte andre tema, som effektkøyring og ålen sine vandringsveggar tek vi også opp. Elleve år etter at vi fremja revisjonskravet ser vi no fram til ei synfaring, og til tiltak.

1. Bakgrunn for revisjonskravet. Litt historikk.

Vassdirektivet

Då EU sitt *Rammedirektiv for vann* (2000/60/EF) vart innført i Norge gjennom Vassforskrifta i 2007, kom det pålegg om kartlegging av alle vassforekomstane i Norge. I Møre og Romsdal vassregion skulle dette gjelde for 1896 vassforekomstar. Etter ei kartlegging skulle desse inn i fem kategoriar, som så skulle danne grunnlaget for ein regional tiltaksplan. Elvar, innsjøar, kystvatn, brakkvatn og grunnvatn skulle evaluerast etter ulike kriterium som *svært god*, *god*, *moderat*, *dårleg* eller *svært dårleg* økologisk tilstand.

I dokumentet *Vesentlege vassforvaltnings spørsmål 2016 - 2021* (M&R fylkeskommune) er 1002 elvar med ei samla lengd på 23.608 km i vassregionen vår registrert. Det er vanskeleg å tenkje seg at kartlegginga av den økologiske tilstanden kunne bli noko anna enn eit overflatisk grovarbeid om det skulle gjerast innanfor fristen for også å utarbeide tiltaksplanar. I prosessen fram mot ein ferdig tiltaksplan vart Norge irettesett av EU for ikkje å trekke sivilsamfunnet og NGO-ar meir inn i arbeidet. Dette vart svart ut med å invitere Naturvernforbundet og andre inn i regionale referansegrupper. På Søre Sunnmøre vart Naturvernforbundet representert i *Referansegruppa for natur og friluftsliv* (05.03.2012). Vi har enno ikkje fått innkalling til møte.

I prosessen fram mot ein tiltaksplan vann både oppdrettsnæringa og kraftbransjen fram med fleire krav om kva tiltaka kunne omfatte. Mellom anna om avgrensingane i høve magasinregulering. Dette klaga Norges Jeger- og Fiskeforbund, Naturvernforbundet, DNT, Sabima, Norsk friluftsliv og Landssamanslutninga for kraftkommunar (LVK) inn til ESA 16.06.2023. LVK og miljøorganisasjonane har hevda at Vassregulativet har forrang framfor nasjonale forvaltingsregime, og har fått gjennomslag for ei fastsetjing av miljømål for alle vassdrag kvart 6. år. Nye mål, men nye tiltak?

Dei tiltaka vi no peikar på er i tråd med *Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer* (OED 2012). Der vert det også slått fast at «planene skal rulleres hvert sjette år. Dette innebærer at det i mange vassdrag vil pågå både en revisjon og utarbeidelse av forvaltningsplaner samtidig. Der disse prosessene skjer samtidig, skal dette samkjøres i den grad det er hensiktsmessig.»

I denne revisjonssaka er dette hensiktsmessig, og derfor desse tilvisingane til Vassdirektivet. Vi vil også vise til *Tiltaksanalyse Søre Sunnmøre vassområde per 27.11.2013* (M&R fylkeskommune), der moglege tiltak i Mørevassdraget er foreslått ved stikkorda “*fremme revisjonskrav, innføring av minstevassføring, magasinrestriksjonar og ev. andre biotoptiltak.*” Så får vi akseptere at reguleringsnivåa i Grøndalsvatnet og Osdalsvatnet ligg fast, og at det er opp til Tussa sin gode vilje og naturfaglege skjøn å la vere å presse nedtappinga til aller lågaste godkjende nivå.

Kva har endra seg etter 1922?

- Landskapet rundt Grøndalsvatnet og Osdalsvatnet er mykje endra på grunn av opp- og nedtapping. Vass-spegelen i vatna nedstraums Kolfossen er også endra, for å auke jordbruksarealet. Dette gir ikkje slike sår i landskapsbiletet.
- Tussa har teke over konsesjonen, og dagens energipolitikk motiverer til eit anna reguleringsmønster enn i 1922. Vi siterer frå -22 konsesjonen: «Man har utarbeidet et utkast til konsesjonsbetingelser, der er vedtatt av Volda Herredsstyre. Ved fastsettelsen av betingelsene er der tatt hensyn til, at kraften etter det opplyste skal anvendes til lys, varme, gårdsdrift, håndverk og småindustri innen distriktet.»
- Landskapet vassdraget ligg i har lettare tilkomst, og er blitt særst attraktivt for friluftsliv, turisme og hyttebygging. Langs vassdraget ligg no “Porten til Vestlandet” for tilreisande gjennom Kvivstunellen. På “paddesafari”, på fiskeplassane og i hyttene finn vi no studentar, turistar og folk frå dei nære tettstadane. Avrenning frå Kvivsvegen har gjort vassdraget meir sårbart, og kulvertar under vegen har endra gyteforholda for laks og aure. Dette er dokumentert for Vestre Langvasselv og Austre Langvasselv i ein rapport frå 2021 ([NORCE vitenarkiv: Kartlegging av sjørretvassdrag i Volda i 2021](#))
- All urøyvud natur er under eit aukande press. Ikkje minst vassdragsnaturen. I Volda kommune er det no 24 vasskraftverk med ein produksjon på om lag 600GWh. Dei fleste av desse verka er små, men ofte endrar dei økologien og landskapsbiletet i like stor grad som store kraftverk.
- Det vestnorske landskapet og vassdragsnaturen er endra. Eit døme: I ferskvatn er kvar fjerde art av fisk, krepsdyr og amfibiar utryddingstrua iflg. professor Dag O. Hessen.
- Auka fokus på el-kraft som drivar mot “det grønne skiftet” og *Fornybardirektivet* frå EU har gjort vasskrafta til ei internasjonal handelsvare som trugar det som er att av vassdragsnaturen vår. Av dette følgjer ofte også effektkøyring av kraftverk.
- Norge har slutta seg til FN sin naturavtale, med ei ambisiøs målsetjing om å stoppe reduksjonen av biologisk mangfald.

- FN har, med tilslutning frå Norge, peika ut 2021-2030 som tiåret for restaurering av økosystem.
- Ifølgje data frå Meteorologisk institutt har nedbørsmengda auka med om lag 20% dei siste hundre åra. Endringa har vore størst dei siste femti. Kor mange KWh utgjer dette? Truleg vil klimaendringar akselerere denne trenden.

Desse store endringane og dagens nasjonale og internasjonale føringar bør gje retning til korleis reviderte (og nye) konsesjonsvilkår bør utformast.

2. Kunnskapsgrunnlaget

Det kan sjå ut som om denne historikken er langt unna den aktuelle revisjonssaka, men vi vil med dette vise at kunnskapsgrunnlaget for komande tiltak kviler på er ei mager kartlegging. Dette kjem også klart fram i *Regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal 15.04.2014, kap. 1.7* (Vurderingar etter naturmangfaldsloven §8): «I kunnskapsgrunnlaget for Regional plan for vassregion Møre og Romsdal er det gjennomført omfattande kunnskapsinnhenting som er samla i vann-nett og gjort tilgjengeleg for alle rørde. Vi manglar derimot fortsatt mykje kunnskap om ein stor del av vassførekomstane til å kunne fastsetje miljømål basert på konkrete data, og deretter gjennomføre kunnskapsbaserte vurderingar av tiltak.»

Eller, som det står i dokumentet *Det verdifulle vatnet vårt. Regional vassforvaltningsplan 2022 - 2027* (M&R fylkeskommune): «Arbeidet med kunnskapsgrunnlaget er ein kontinuerleg prosess. Kunnskap og data om vassførekomstane er samla i Vann-nett. For mange vassførekomstar har ein lite eller ikkje noko data, og pålitelegheita i karakteriseringa er ofte lav. Det er derfor eit behov for meir kunnskap».

Dette behovet vil vi gjerne bidra til å dekke opp, og vi er tilfreds med at det er opna for revisjon, trass eit skrantande kunnskapsgrunnlag. Men vi ser at vassdraget er prioritert som 2.1 av vassdraga i Søre Sunnmøre vassområde sin tiltaksplan frå 2013, dvs. ikkje på høgste nivå. Dette undrar og uroar oss.

Konsesjonsrevisjonar kan vere ein god veg til miljøforbetring i regulerte vassdrag. Det viser ein studie tinga av NVE. Men i deira gjennomgang av ei rekke reviderte konsesjonar vert det også peika på manglande oppfølging av pålagde vilkår og rutinar, minstevasslepp og drift av omlaupsventilar. I praksis betyr dette at økonomisk vinning/effektiv produksjon i mange høve tel meir enn omsynet til natur og miljø.

(Kjelde: <https://onlinelibrary.wiley.com/doi/10.1002/rra.4092>. Sjå også artikkel i tidsskriftet *Vann* nr 4/2022: «Har internkontroll innen vassdragsforvaltning den tilsiktede effekten»?)

3. Tiltak

Omlaupsventilen som vart installert i Kolfossen er eit godt meint tiltak. Den var heilt nødvendig å få på plass etter fleire utilsikta stans av kraftverket, med “fjøre sjø” og tørre elvar nedstraums kraftverket. No ser vi at slike løysingar er standardkrav frå NVE i liknande kraftverk. Men vi tvilar på om 200 l/s er stor nok vassføring for livet nedstraums i ein kritisk situasjon.

Vi vil og vise til ei gransking av omløpsventilar, gjort i NVE- regi. Den konkluderer med at «studier utført ved fem ulike småkraftverk viser at omløpsventiler driftes slik at verdifulle fiskebestander kan bli skadelidende. Omløpsventilene åpnes og lukkes på en måte som fører til at fisk kan strande på elvebreddene».

(www.nve.no/nytt-fra-nve/nyheter-tilsyn/omlopsventiler-i-smakraftverk-driftes-uheldig)

Vi held difor fast på kravet vårt om ei minstevassføring forbi Kolfossen kraftverk.

Kolfosselva må tilbake som ei elv

Ei minstevassføring er viktig for å sikre ei generell lågvassføring, også ovanfor der utslippet frå kraftstasjonen kjem inn att i elva. Det kan gje grunnlag for lengre strekning med gyte- og oppvekstområde. Slik kan vi sikre at fisk ikkje strandar i eit tørt bekkedar, lette oppgangen for ål og betre tilhøva for insekt og fugl.

Kraftverket har fleire gongar hatt utilsikta stans. Det er sjølvsagt svært uheldig. Ei anna bekymring vi har, er kva som vert sleppt av vatn når inntaksrista skal reinsast. Kor lang tid går det då utan vasslepp? Volumet på minstevassføringa som må til har vi ikkje tal på. Vi ser at Q95 er ei eining som er mykje brukt, 5-persentilen eit anna. Desse verdiane må kompetente fagfolk fastsetje i tråd med det som er vanleg standard i nye konsesjonar.

Køyremønsteret må i større grad rette seg etter landskap og økologi enn svingingane i kraftmarknaden. "Effektkøyning" gjer større skade enn gradvise variasjonar i vassmengda. Dette gjeld heile vassstrengen, frå Grøndalen til fjorden. Både botndyr, vegetasjon, yngel og gytegrus vert råka av gjentatte brå svingingar. Vi oppmodar difor NVE til å setje målbare/kontrollerbare tal på kva som kan akseptast av variasjonar i vassleppen. Dette finst det metodikk for og forskning på. Vi viser til Bakken, T. H., Forseth, T. & Harby, A. (red.). 2016. *Miljøvirkninger av effektkøyning: Kunnskapsstatus og råd til forvaltning og industri*. - NINA Temahefte 62. Og til rapporten *Raske vannstandsendinger i elver. Virkninger på fisk, bunndyr og begroing*. (SINTEF TRTR A5932).

Naturmangfald

Når vi no peikar på behovet for minstevassføring i regulerte elvar, er vi ikkje berre opptekne av signalartar, eller raudlista artar. Botndyr, vassplantar, insekt, lav, sopp og mose er ikkje godt nok kartlagde, og dei kjem lett i skuggen for laks og padde. Desse andre artane er også avhengige av stabil vassføring, og dei kan stå i fare for å kome på raudlista om vi ikkje endrar naturforvaltninga.

Det er typisk for Tussa si skildring av naturmangfaldet når dei skriv om fugl (Rev. dok 5.1.4.): «Samlet sett er det et betydelig fugleliv i vassdraget, men dette er som forventet og tilsvarer andre sammenlignbare vassdrag i regionen.» Kva for vassdrag er det vist til? Og kva dokumentasjon har Tussa for samanlikninga? Registreringar i *Naturbase* kan gje ein indikasjon, men ikkje meir enn det.

Vi viser til ei artsliste, utarbeidd av Oddvar Olsen (sjå vedlegg). Der samanliknar han Møre-vassdraget med tre andre vassdrag i regionen. Vi meiner at det registrerte naturmangfaldet indikerer ein *uvanleg* stor artsrikdom, der svært mange artar, direkte eller indirekte er knytt til vassdraget. Ei vakker formulering frå vilkåra frå 1922: «Det skal ved manøvreringen has for øye at vassdragets naturlige flomvannføring såvidt mulig ikke forøkes. Heller ikke må dets naturlige lavvannføring forminskes til skade for andres rettigheter.»

Det er mange *andre* i vassdraget, med rettar heimla i Naturmangfaldslova.

Laks og aure

Forslaget om nye tersklar nedstraums Kolfossen kraftverk, utarbeid av Sweco, er godkjend av NVE, og var planlagt gjennomført i 2017. Vi vil no be om at dette vert vurdert på nytt. Sweco har svart på eit oppdrag om etablering av nye tersklar, men dette er vi no skeptiske til. «Det er planlagt å bruke masser som finnes i elva ved tiltakene, i tillegg til at det vil bli behov for tilkjøring av en del masser», skriv Sweco. Her det truleg tenkt å bruke masser som skal tene som god gytegrus i det gamle elveleiet.

Vi vil heller gå inn for ei løysing som restaurerer det gamle elveløpet. Då må vatnet som kjem ut frå kraftverket sleppast høgare oppe enn i dag. Slik kan vi få ei om lag 100 meter forbetra gytestrekning. Saman med minstevassføring vil dette vere god naturrestaurering.

Vi er gjort kjende med innhaldet i ein fersk (ikkje enno publisert) rapport frå NORCE. *Austefjordvassdraget - Habitatkartlegging. LFI Rapport 572* (Kambestad, Simonsen og Hanssen). Vi vil vise til denne, og støttar dei tiltaka som rapporten tilrår for gytehabitata nedstraums Kolfossen.

Paddene ved Lisjevatnet (Paddeland) er no blitt ein stor attraksjon. Tiltaket er eit godt døme på eit kompromiss mellom ideell naturrestaurering og tilpassinga til E-39. Det var eit "plaster på såret" då vegen vart bygd, men som no har blitt studieobjekt for forskarar på amfibiar og på vandringshinder for artar som får sine naturlege habitat oppstykkka. Ålen sine vanskar er samanliknbare med desse.

Om stabiliteten i vassføringa med omsyn til paddene sin livssyklus skriv Tussa i tilsvaret til oss (8.1.1.): «En kan heller konkludere med at reguleringen har medført en forbedring av forholdene for paddene i en sårbar fase.» Dette er ein påstand som er uråd å bekrifte. Ingen nolevande kan fortelje om paddebestanden før 1920, men vi går ut frå at paddebestanden greidde seg godt også før utbygginga. Men ei planlagd god vassføring i tidsrommet 15. april til 15. august, vil sjølvsagt vere positivt for paddene. Det viktigaste er å sikre seg mot bortfall av vatn frå Kolfossen. Som ei ekstra sikring kan vi ønske ei form for varsling. Det kan t.d. vere eit system med vasstandsmålar med elektronisk varsling når vasstanden i Lisjevatnet kjem under eit visst nivå, og som kan utløyse meir vasslepp.

Ål finnst enno i vassdraget, men svært få. Vi er fortalt at den før kraftutbygginga vandra heilt opp i Osdalssetrevatnet. Der fiska Leif Osdal ål med makketrode. Erik Kalvatn kan fortelje om ålefiske med makkeline både i Osdalsvatnet og Kalvatnet. På 60-talet vart det fiska mykje ål med åluser i Kalvatnet, særleg for tyske turistar frå campingplassen.

Vi tek med denne historikken frå tida etter reguleringa som ein kommentar til Tussa sin passus: «Ettersom det i dag ikke er minstevannføring i Kolfosselva vil det vært overraskende om den fant ål i Kalvatnet i dag.» (Rev.dok.7.1.3.) Forsering av Kolfossen, eller terrenget rundt Kolfossen byr ikkje på problem for ålen.

Vurderinga av ålen sin plass på den norske raudlista har variert mellom CR (2006) og EN (2021). Forvaltninga er eit felles europeisk ansvar, og er nedfelt i internasjonale avtalar. EU si åleforordning er ikkje blitt EØS-direktiv, men har framlegg om både auka overvaking og konkrete tiltak for habitatsforbetringar.

Tussa skriv også dette om verdien av ålebestanden: (avnitt 8.1.): «Ettersom det er tilfeldig i hvilket vassdrag ålen vandrer opp i som glassål, innehar ikke Mørevassdraget eller andre vassdrag en egen bestand av arten som gjør den spesielt verdifull lokalt, slik en kan si om f.eks. laks.» Det same kan ein seie om vassdrag i Jylland, Holland og i Trøndelag. Mørevassdraget ligg i Europa, og konsesjonsvilkåra må ta sin del av forvaltingsansvaret for ein felles europeisk art under særst høgt press. Ålen er vår, og vårt ansvar, sjøl om foreldra kom frå Belgia og oppveksten var i Sargassohavet.

Dei største utfordringane ligg truleg i å lede gyteklar ål trygt forbi kraftverket på vandra mot Sargassohavet. Bilete frå fleire kraftverk viser ål som er opphakka i turbinar. Vi har ikkje detaljerte framlegg til korleis dette kan løysast, men vi veit at det vert forska og prøvd ut effekten av rister og kanalar. Både Havforskningsinstituttet (Caroline Durif), Renow Hydro (Kjærås m.fl.), NINA og NVE (Thorstad 2010) har forska på å finne gode løysningar. Desse fagmiljøa må rådspørjast.

Vi ser fram til at NVE ser denne revisjonsopninga som eit godt høve til å trygge vandringsvegane for ålen i Mørevassdraget. Ny kunnskap og nye forskningsresultat må nyttast. Naturvernforbundet har skriva om denne problemstillinga her:

<https://naturvernforbundet.no/kraftverk-kapper-al-i-smabiter/>

<https://www.nrk.no/klima/xl/vannkraft-som-skal-redde-klima-dreper-al-og-annen-fisk-1.15483354>

Det finst også døme på gode tiltak og praktiske løysingar frå Danmark. Ein artikkel med utgangspunkt i EU sitt pålegg om nasjonale forvaltningsplaner for ål:

<https://www.feriskvandsfiskeriforeningen.dk/doc/aalepas.pdf>

Deltaet i botnen av Austefjorden er foreslått som naturreservat. Vernet vil bli vurdert i Volda kommune sin delplan for naturmangfald som no er under arbeid. Deltaet markerer ei naturperle i enden av elvestrengen. I *Naturbase* (ID BN00022177) er dette området omtalt som «det einaste velutvikla brakkvassdeltaet på Sunnmøre, med tilhøyrande karakteristiske artar, og er inkludert i fylkesdelplan for elveoslandskap i Møre og Romsdal (vedteken 1994)».

Som naturtype er deltaet vurdert som raudlista (VU), og her er også registrert artar som den raudlista Firling (VU), Volda kommune sin ansvarsart.

Eit brakkvassdelta treng ferskvatn. Det kan ei minstevassføring sikre.

Vi ser fram til synfaringa, og til å bidra med gode løysingar for Mørevassdraget i FN sitt tiår for naturrestaurering.

Med helsing,

Volda Jeger & Fisk

v/ saksansvarleg Knut Magne Aarset

Naturvernforbundet i Ørsta og Volda

v/ saksansvarleg Knut Festø